

## «Eldrevenleg sjukehus - velferdsteknologi og pasienttryggleik» på pasientrom



### Kva er eldrevenleg rom?

Mange eldre har av ulike grunnar behov for spesiell oppfølging og tilrettelegging. Vi prøver ut produkt og tekniske løysingar som kan trygge den enkelte, og førebygge fall under opphaldet. Brosjyren beskriv dei ulike moglegheitene som rommet har, og er eit tilbod til pasientar som sjølv ønskjer det. Rommet blir tilbydd pasientar som ved innlegginga vert vurdert å ha behov for særskilt oppfølging. Dersom ønskjeleg kan alle hjelpemiddel vere utkopla.



### Armband

Registrerer puls og pust og overfører informasjonen slik at vi kan vere trygge på at den enkelte har det bra.



### Låtgående seng

Senga går ekstra lågt fordi ein vil unngå fall. Vi slepp difor å bruke sengehestar, noko som kan verke uroande for mange. Den kan likevel hevast til passeleg høgde, om ein ønskjer det.

### Moglegheit for digitale besøk

Ein har og moglegheit for digitale besøk, der ein kan få kontakt via skjerm (facetime). Her er det og moglegheit for pårørande å vere med på til dømes legevisitt og utskrivingsamtale.

## Prosjekt på Ortopedisk sengepost i Førde 2017/2018

## Sensorer

Automatisk varsling ved bruk av sensorar. I tillegg til ringesnør har vi sensorar som kan varsle når ein pasient er på veg fram av senga. Der er òg sensor ved dør.



## Digitalt tilsyn

Over senga har vi kamera som kan nyttast om natta, for å unngå å forstyrre den som søv. Vi kan via ein PC på vaktrommet sjå at pasienten ligg i senga. Bilda vi får, blir ikkje lagra, og varer berre i 10 til 15 sekund. Vi ser det same som om vi fysisk går inn på rommet. Det er pleiaren som har ansvar for pasienten, som får tilgang til bilda. Digitale tilsyn erstatter ikkje dei faste rundene som vi har.



## Sanseteknologi

Med hjelp av skjermen kan ein og ta i bruk sanseteknologi, der ein nyttar lyd og bilder, som kan ha ein roande effekt. Dette kan vere til dømes fuglekvitter, fossedur, bølgeskulp, gamle bilder med meir. Men ein må alltid hugse at vi er alle ulike, og ikkje nødvendigvis har nytte av dette.

## Dagslyslampe

Tilføring av dagslys har vist seg å ha roande effekt og er gunstig for å oppretthalde døgnrytme. Denne kan brukast etter nærare avtale.



## Om oss

Utforming av eit eldrevenleg rom er eit prosjekt på ortopedisk sengepost i Førde. Prosjektet har fått støtte frå Helse Vest i form av Sårkornmidlar og samarbeidsmidlar frå Høgskulen på Vestlandet. Ingeniør og sjukepleiar-utdanninga er representert i prosjektgruppa, i tillegg til involverte avdelingar, brukarrepresentant og tillitsvalde/verneombud.

## Kontaktpersonar i avdelinga:

Reidun Melheim  
Hanna Malin Kalstad  
Helga Brenne